

Entreprenørskapsmessa 2017 i Høyanger

Espen (25) utvikla sin eigen app

Delte erfaringane sine på entreprenørskapsmessa

–Å ha tru på seg sjølv. Det er beste rådet eg kan gje andre ungdommar som har ein god idé som dei lurar på å setje ut i livet, seier Espen Løbø Solhaug (25) frå Vadheim.

Ytre Sogn May Britt Eide
may.britt.eide@ytresogn.no

Sjølv utvikla han mobilapp'en som fekk namnet Regaloy medan han enno var student. Denne veka var han invitert til å dele sine erfaringar med rundt 600 åttande- og niandeklassingar som deltok på Sogn regionråd si entreprenørskapsmesse, som i år var lagt til heimkommunen hans Høyanger.

Han tykte det var kjekt å få vere med.

–For ganske nøyaktig 10 år sidan sat eg sjølv i denne salen og hørde rektor snakke om at no var tida komen til å gjere val, etter å ha fullført grunnskulen. Det har eg også gjort, ved fleire høve, og det er kjekt å vere tilbake og dele noko av det med ungdom på same alder eg var den gongen. Det eg har gjort rett og - ikkje minst - feil når eg har jobba med appen min, seier Espen Løbø Solhaug til Ytre Sogn etter at den første gruppa elevar hadde vore innom samfunnshuset for å høyre på han.

Og det var tydeleg at han greidde å engasjere. For etterpå kom det elevar til han med fleire spørsmål, blant dei Henrik Aasen og Hassna Alkorde frå Lærdalsøyri skule, som både ville vite kor lang tid han hadde brukt på appen, og om han fekk mykje hjelp. Og 25-åringen frå Vadheim tok seg god tid til å svare, og kom også med gode råd om dei tenkte på å gjere liknande.


Såg behovet

For hans del starta det heile for eit par år sidan, medan han studerte til å bli byggingeniør ved NTNU i Trondheim.

–Det var snart jul, og eg spurde veslesøstera mi Kristin kva ho ønska seg. «Ein kvit genser», svarta ho, utan at eg vart så mykje klokare av det. Det var jo så mange forskjellige kvite genserar! Då tenkte eg at eg skulle hatt ein app som hjalp meg å finne akkurat den genseren ho ønska seg. Men eg fann ingen då eg søkte på nettet. Heller ikkje vener kjende til det, men sa at dei gjerne skulle hatt det sjølv. Så eg oppdaga raskt at det var eit behov.

Men sjølv om idéen hans vart teken godt imot, fann han ikkje investorar som torde å satse pengar på den. Dermed tok han saka i egne hender.

–Igen søkte eg på nettet, denne gongen var spørsmålet «Korleis



Hassna Alkorde (f.v.) og Henrik Aasen frå Lærdalsøyri skule var blant dei som let seg imponere av Espen Løbø Solhaug og føredraget hans. Etterpå gjekk dei fram og helsa på han - og fekk nokre fleire gode råd med seg på vegen.

– Det hadde vore artig å gjere som han, og finne opp noko, seier dei to ungdomsskuleelevane til Ytre Sogn.

lage ein app?». Og så var det berre å setje i gong og lære seg det.

Resultatet vart den eigenutvikla appen Regaloy, der ein går inn og lagar si eiga elektroniske ønskeliste, med bilete og det heile, som vener får tilgang til. Det same gjeld kor den er å få tak i. Og når ein av venene har kjøpt noko av det, kan

dei andre sjå det - berre ikkje den som har lagt inn ønska.

7000 brukarar

Med på vegen fekk han også 440.000 kroner frå Innovasjon Norge til å vidareutvikle appen, som han til no har brukt rundt 3000 arbeidstimar på.

I dag nærmar Regaloy seg nærare 7000 brukarar. Nye ønskje blir lagt inn kvar dag. Han fortel at i desember låg det inne 10.000 ønskje. Men han reknar ikkje med å tene pengar på appen sin med det første.

–Det er også utfordringa med appar - å tene pengar på dei. Det er

til dømes først no at Snapchat og Uber går i null. Hittil har dei berre tapt pengar. Men eg håpar at om eit par år er eg der at eg gjer det. Det er i alle fall ambisjonen. Men då må eg opp i rundt 50.000 brukarar, seier Espen.

I dag jobbar han som byggingeniør hos Norconsult i Bergen. Regaloy, som er registrert som eige firma med han som dagleg leiar, er framleis noko han driv med på fritida.

–På det tidspunktet eg når dei 50.000 brukarane eg har mål om blir det også lettare å få med investorar til å utvikle appen vidare. Forhåpentlegvis vil det også gje nokre arbeidsplassar. Men då kjem eg nok til å overlate Regaloy til andre som kan meir om appar enn meg til å ta den vidare.

Planar om fleire appar har Espen heller ikkje. Det har vore nok med denne.

–Det måtte i så fall bli å hjelpe andre med det.

«Utfordringa med appar er å tene pengar på dei. Det er til dømes først no at Snapchat og Uber går i null. Til no har dei berre tapt.»



–Det viktigaste er å ha trua på seg sjølv. Men du må også vere villig til å jobbe hardt. Ingenting kjem gratis. Du må også setje realistiske mål, var Espen Løbø Solhaug sine råd til ungdomane som deltok på entreprenørskapsmessa i Høyanger.